



BARNEOMBODET

Utenriksdepartementet
Postboks 8114 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
17/00915-2

Saksbehandlar:
Anders Prydz Cameron

Dato:
27. september 2017

Høyring - forslag om å ratifisere FN sin internasjonale konvensjon om vern mot tvungen forsvinning av 20. desember 2006 og om straffebod om tvungen forsvinning i straffeloven

Barneombudet visar til høyringsbrev med dato 29.6.2017 med forslag om å ratifisere FN sin internasjonale konvensjon om vern mot tvungen forsvinning. Vi stiller oss bak vurderingane og konklusjonane til departementet, og støtter at Norge ratifiserer konvensjonen og innfører eit nytt straffebod for å sikre at norsk rett samsvarar med konvensjonen.

Mandatet til Barneombudet

Barneombudet skal i fylgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Vi skal særleg fylgje med på at lovgjevnaden til vern om barn sine interesser blir fylgd, og at norsk rett samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnrettane. Vi skal av eige tiltak, eller som høyringsinstans, vareta barn sine interesser i samband med planlegging og utgreiing på alle felt, og foreslå tiltak som kan styrke rettstryggleiken for barn, med meir. Mandatet til Barneombudet er avgrensa til barn under 18 år.

Venleg helsing

Camilla Kayed
fagsjef

Anders Prydz Cameron
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Vedlegg

Høyring - forslag om å ratifisere FN sin internasjonale konvensjon om vern mot tvungen forsvinning av 20. desember 2006 og om straffebod om tvungen forsvinning i straffeloven